

Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2022

SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og har pr. 31.12.22 ca 500 registrerte medlemmar. Medlemskapet kostar kr 200 kroner for privatpersonar og kr 300.- for familiar. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet.

GÅVER- TILSKOT I 2022

Norsk Tipping (grasrotandelen):	kr 53.743
Sal medlemskap:	kr 114.030
Offentlige tilskot	kr 199.080
Sponsormidlar frå bedrifter	kr 7.500
Andre gåver	kr 1.504
BB gruppen bidreg med gode rabatter på reinhald.	

Vi er takksame for alle gåver og inntekter. Dei vert alle styrt mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

Sjølve servicebygget er ein suksess, der ein i tillegg til gode fasilitetar som WC og utedusj, kan tilby åpen kafe fleire gonger i veka hele året gjennom, og ekstra åpningstider i høgsesongen. Dette har blitt godt motteke, og drifta er organisert under eit eige styre, som igjen organiserer frivillige til å betene kafeen. Alt arbeid foregår på dugnad, dvs ingen betaling, og kafeen kan derfor drivast med overskot, i 2022 er overskotet på kr 37.424. Overskotet vert disponert av kafestyret for bruk til folkeparkens beste.

DRIFFT

Området er mykje brukt til uformelle samlingar for lag, organisasjonar, skuleklassar, turgårar og andre. Vi har ikkje gjennomført teljingar, men meiner fleire hundre er i folkeparken kvar veke. Vi har funne ei driftsform som virker å vere godt motteke av dei fleste. Det er etablert ei ordning med voksenkontakter i servicebygget på kveldstid i helgane i den varme årstid. Det har vore vekslande ver og heller lite besök av ungdom i helgene, men det har likevel vore nyttig for alle partar å ha hatt ei etablert ordning. I 2022 har ein egasjert foreldre til elevar på Flora Ungdomsskule til dette.

Utdrag frå saker behandla i styret.

- Oppfølging og gjennomføring av prosjekt og investeringar
- Verving av støttemedlemmer
- Skilting av veger og rasteplassar
- Organisere dugnadsprosjekt på marker, badestrond og i skogsområde
- Tilsyn og drift servicebygg og verkstadbygg
- Utvikle og ferdigstille austre del av strandområdet
- St Hans arrangement
- Drift av kafe

DUGNADSARBEIDET

Folkeparken har ca 70 frivillige som driv kafe, naturvedlikehald/slått vår, sommar og haust, skog- og strandrydding. Den frivillige innsatsen er nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Så er reparasjon av skader på bord og bygningar blitt en nødvendig del av dugnadsarbeidet. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

Ein presentasjon av dei ulike frivillige sin innsats i 2022:

SERVICEBYGGET OG SANITÆRANLEGGET

Det er eit eige husstyre leia av Kari Slettvåg. Styret organiserer drifta rundt servicebygget som i hovudsak er et servicebygg for besökande på Sørstrand. Til å drifte kafeen er det engasjert ca 50 personar. Husstyret leverer eiga årsmelding.

SLÅTTEKARANE

Sørstrand Folkepart omfattar vel 72 mål med strender, markar, skog og turstiar. Om lag 40 mål slåttemark held dugnadsgjengen SLÅTTEKARANE veltrimma vår, sommar og haust. Full slåtterunde ca kvar 3. veke. Slåttesjef Knut Roald har med seg 8-10 nevenyttige karar som turnerer både beitepussarar og den gode pausepraten med same iver.

GAPAHUKEN, GRILLHYTTA OG ANNA DUGNAD

Irene Hjorthol har ansvaret for bruken og vedlikehald av GAPAHUKEN. Ho organiserer i tillegg dugnadar både i området der gapahuken er, og elles i heile Folkeparken. Dugnader vert organisert og gjennomført effektivt og med godt humør.

GAPAHUKEN blir mykje nytta av forbipasserande, folk som lånar den til tilstellingar, bursdagsfest, o.l. (I praksis heng dei opp ein lapp i gapahuken same dag, så dei er sikre på at den er ledig.) Det har ikkje vore gjort noko vedlikehald i gapahuken i år, utanom jamlege tilsyn og rydding. Seglduken i opninga er teke ned for reperasjon.

På våren var det ein stor dugnad ned forbi gapahuken med skog/krattrydding. Dette for å halde terrenget lågt i høve utsikt mot sjøen. Her var to karar med motorsag, og ca. 10 personar som rydda og samla i haugar.

På hausten var det ein stor dugnad på dei to holmane for å ta ned veksande krattskog. Også her to karar med motorsag, og ca. 10 stk. til å rydde/samle i tre store haugar. Kan bli fine bål når høvet tilseier det.

TANGLOPPENE

Gunn og Jan Veberg leiar ein av ryddegjengane på Sørstrand folkepark som kallar seg for Tangloppene. Det er eit namn alle lever godt med. Vi er totalt ca. 16 blide personar som rydder på stranda på Sørstrand. Det vert rydda etter behov om ein går tur der og ser at noko tang oa. må køyrast bort. Er det mykje vind frå sør eller sørvest, noko som sender inn mykje tang, kallar vi inn til større dugnad. Då møter dei som har høve til det opp og tek eit tak. Oftast 6-8 personar. Av og til vert og meir tilfeldige turgårarar med. Dei seier at dei brukar området så mykje at dei gjerne vil bidra med litt utan å binde seg. Då takkar vi for hjelpe og seier at ein god idé då er å

betale for eit medlemsskap i Sørstrands venner. Fleire gonger har vi og observert ungar saman med føresette i full swing med rydding av plast mm.

Vi har ofte snakka om at det kanskje burde vore lagt ut ei eller anna form for lenser mot vest. Dette ville nok redusere tangproblemet ein god del. Vi har ikkje kunnskapen om korleis dette kan gjerast.

Leiarane i gruppa har gjort seg tankar om at stranda burde vore gjort meir tilgjengeleg for rullestolbrukarar slik at dei kunne få sjansen til å ta seg eit sjøbad. Sjå elles nedanfor.

PROSJEKTARBEID OG INVESTERINGAR I 2022 OG 2023

I 2022 har det vore gjort store investeringar i austre delen av området med muring, planering og påfyll av sand. I framkant av servicebygget er det lagt treplatting. Det er montert videoovervaking rundt verkstad- og servicebygg. Samla er det investert for til saman kr 498.206, finansiert med eigne midlar.

I tillegg har vi dei faste oppgåvene med å halde heile området tilgjengelig og velstelt.

I 2023 er det planar om å bygge eit ope grindbygg i aust. Budsjettet er på kr 520.000. Bygget vil bli finansiert med eigne midlar og bidrag frå søknadsmidlar frå dei lokale bankane, og andre. Kommunen har gjeve løyve til å bygge på deira grunn.

Ein vil ha som mål å betre tilgjenge for rullestolbrukarar til badestranda. Kanskje ein rampe borte ved den første brua hadde vore mogleg å få til? Kanskje det kan gjerast slik:



Styret vil framover fokusere på planmessig forvaltning, drift og vedlikehald av heile området før en går i gong med nye prosjekt som krever dugnadsoppfølging.

Vi arbeider live vel alltid med fleire mindre arbeid og tilretteleggingar med lav kostnad. Eit annet viktig prosjekt vil bli etablering av grupper som ved sin tilstedeværelse bidrar til å holde området og bygningane innbydande for alle brukere av Sørstrand folkepark.

REGNSKAPET FOR 2022

Resultatregnskapet for 2022 viser eit overskot på kr 192.526.

Eigenkapitalen utgjorde kr. 1.631.337- pr. 31.12.2022, opp fra 1.441.104 i 2021

ADMINISTRATIVT

Styret har hatt 9 styremøter i 2022. I tillegg er det avhelde årsmøte.

Dei viktigaste sakene er omtala her i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. ECIT er regnskapsførar og Stein Soltvedt er valt revisor.

Styret vil takke alle frivillige som legg ned ein kjempeinnsats for at parken skal framstå som den perla den er.